



Statens vegvesen

NVE Konesjonsavdelingen
postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Anne Cecilie Lassa / 51911314	17/32953-3	201303334-14	12.06.2017

Fråsegn til høyring av søknad om bygging av småkraftverka Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna – Hjelmeland og Forsand kommunar

Vi viser til dykkar brev, datert 03.03.2017, vedkommande søknad om løyve til bygging av tre småkraftverk, Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna, i Hjelmeland og Forsand kommunar.

Med bakgrunn i Statens vegvesen sitt primære forvaltningsområde, er det i hovudsak konsekvensane for fv. 633 og fv. 661 som er vårt fokusområde i denne saka. Ved bygging av Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna kraftverk er det i søknaden beskrive behov for ny veg som tilkomst til kraftstasjonane. Dersom dei nye vegene skal vere permanente, må dei regularast i samråd med kommunane.

Generelt sett skal alle tiltak som gjeld avkjørsels- eller kryssutforming ved det overordna vegnettet, avklarast med Statens vegvesen. Den tekniske utforminga skal vere jf. gjeldande normer. Dette gjeld også for kryssing av vegnettet med jordkabel eller luftspenn.

For andre tiltak som transformatorstasjoner, massedeponi, riggområde og oppstillingsplassar med meir, gjeld byggjegrense på 50 meter til fylkesvegnettet, dersom ikkje annan byggjegrense er fastsatt i ein reguleringsplan. For tiltak innanfor byggjegrensen til vegen, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bergelandsgata 30
4012 STAVANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Stavanger
Med hilsen

Irene Hegre
seksjonsleder

Anne Cecilie Lassa

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 STAVANGER
Rogaland fylkeskommune, Postboks 130 Sentrum, 4001 STAVANGER